

## BLAD

Returadresse:  
Kyrkjebakken  
Austrheimsvegen 1258  
5943 Austrheim

### Fredsmarkering Selsøy 08.mai

Skyssbåt frå Baløykaiaen frå  
kl. 09.30 til ca 10.40  
Programmet startar kl. 11.00

Matøkt. Ta med mat og drikke  
Høve til tur til radiohytta, Risor II  
80 års markering for freden.  
Dette blir 30. gongen  
Neptun arrangerer fredsmarkering.

Skyss tilbake etter behov.

Vel møtt!

*Kyrkjebakken nr. 4 – 2025 – april – årgang 54- Nytt stoff innan 30.mai*



*Jubileumskonsert Ine og Edvard Hoem*

**KYRKJEBAKKEN**  
*Informasjonsblad for Austrheim sokn*



## Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret  
tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)  
Bodil Monslau 414 57 215  
Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90,  
eller Edvard Bjerkestrand 46922638

## Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 72 90  
E-post: post.austrheim@kyrkja.no  
www.austrheimkyrkja.no

### Kontortider:

Sokneprest: Trefftid etter avtale  
Kyrkjevevjerje:

### Bustadtelefonar:

|                                 |             |
|---------------------------------|-------------|
| Stein Hugo Fykse                | 909 60 154  |
| Kyrkjevevjerje Leif Arne Økland | 40 06 52 31 |
| Organist og kyrkjelydspedagog   |             |
| Jostein Hauge                   | 40 46 62 11 |
| Kyrkjetenar Gry Haukeland       | 41 30 85 58 |
| Soknerådsleiar                  |             |
| Helge Dyrkolbotn                | 41 66 26 10 |

### Redaksjonen

Epost kyrkjebakken:  
kb.austrheim@kyrkja.no

|            |                                                       |
|------------|-------------------------------------------------------|
| Utgjevar:  | Austrheim sokneråd                                    |
| Redaktør:  | Jostein Hauge,                                        |
| Redaksjon: | Jorunn Kårdal,<br>Britt Rebnord,<br>Leif Arne Økland. |

Adresse: 5943 Austrheim  
Trykk og Design Trykk-Service as

# Gudstenester

I AUSTRHEIM SOKN

Følg med på heimeside, facebook og plakat  
for eventuelle endringar.

**Torsdag 08.mai kl. 11.00**

**Gudsteneste Selsøy**

**Fredag 09.mai kl. 17.00**

**Samtalegudsteneste ved konfirmantane**

**Laurdag 17.mai kl. 10.00**

**Festgudsteneste**

**Torsdag 29.mai kl. 12.00**

**Utgudsteneste framfor kyrkja.**

**Knøttkoret**

**Fredag 13.juni kl. 18.00**

**Gudsteneste for alle**

**Søndag 12.oktober.**

**Det vert 50-årskonfirmantar**

**på gudstenesta**

**Invitasjoner kjem snart**

## UTGJEVINGSPLAN KYRKJEBAKKEN

|                           |                              |
|---------------------------|------------------------------|
| <b>Frist innlevering:</b> | <b>Kyrkjebakken kjem ut:</b> |
| 30.mai                    | 14.juni                      |
| 15.august                 | 27.august                    |



# Døden er slukt og sigeren vunnen

Vi har nett feira påske. I kyrkja held påskefeiringa fram. Ja, ved kvar gudsteneste er det påskehendinga som er grunnen til at vi samlast. Denne påsken er vi igjen blitt minna om kjernen i vår tru.

"Døden er slukt og sigeren vunnen". Det er apostelen Paulus sine ord om det som hende påsken (1.Kor15.54)

Men erfaringa vår seier vel det stikk motsatte: At all seier over døden berre er foreløpig, at døden aldri kan overvinnast, i beste fall utsett litt?

Når vi må samlast for å ta farvel med kjende og kjære, er det ikkje då nettopp fordi livet har tapt, og at det til sist alltid vil vera slik?

Det spørst faktisk kor hen vi ser – kor vi festar blikket.

Når apostelen seier at døden er overvunnen, så er det fordi han festar blikket på Jesus Kristus og på det som hende i påsken. Og dit, - dit skal vi og få sjå.

Jesu oppstode betyr ikkje at vi er ferdige døden og ferdige med grava. Men den betyr at døden ikkje skal få siste ordet. Fordi Kristus oppstod, skal vi og oppstå. Det er kristentrua sitt store mysterium.

I ein påskesalme syng vi: "Jesus oppstod, så skal vi, oppstå til et evig liv."

Ein annan salme seier det slik: "Krist or gravi utgang fann og for evig døden dømde."

Når Jesus Kristus fann utgang frå grava, opna han samstundes utgang for oss.

Det er ikkje så lett å sjå den veien; til Jesus og til påskehendinga. Så ofte blir det så fjernt og uvirkelig for oss. Døden og grava synes kanskje å vera det mest verkelege.

Det ser ikkje så håpefullt ut når hausten kjem, heller: Blad gulnar, visnar og fell av. Blomane blir borte. Etterkvart overtar frost, is og snø. Livet synes liksom å ha tapt.

Men når sola kjem igjen med lyset og med varmen, då blir og livet på nytt kalt fram overalt.

Første blomen varslar at snart kjem også dei andre blomane.

Første påskedag var Guds varsel om den "evige våren" som er i vente.

På grunn av Herrens varsel om den "evige våren" som kjem, får vi tru at døden ikkje skal få det siste ordet med oss.

Tru det og sjå framover, slik du ser fram mot våren når du ser den første blomen på marka.

På nytt og på nytt skjer underet i naturen. Herren ber oss setja vår lit til at underet og skal skje oss.

Min død er blitt til liv for deg. Eg har gjort død til liv for deg seier han som er: "Herre over dødens makt".

Derfor får vi tru og derfor kan vi seia:

"Døden er slukt og sigeren vunnen".

**Framleis god påske!**  
**Stein Hugo Fykse**



**KILSTRAUMEN**  
BRYGGE

ME HAR EIT RIKT UTVALG PÅ VÅR CATERINGMENY,  
MELLOM ANNA SNITTER OG KOLDBORD

BESTILL GJERNE PÅ TELEFON: 948 53 975  
LES MEIR PÅ VÅR HEIMESIDE: WWW.KILSTRAUMEN.COM



# ÅRÅS BEDEHUS

Søndag 4. mai, 11:00. Søndagsmøte, Solveig Hosøy talar.

Søndag 11. mai, 11:00. Søndagsmøte m/nattverd. Jan Rantrud talar.

Søndag 8. juni, 11:00. Søndagsmøte, Odd Sv Hove talar.

Søndag 15. juni, 17:00 Sommaravslutning

Kjellaren for 5-8. trinn. Onsdagar 18:00-19:30

Velkommen til samlingane! [www.austrheimindremisjon.no](http://www.austrheimindremisjon.no)  
Austrheim Indremisjon på Facebook.



## Austrheim sokn

### Gravlagde

24.april Øystein Vikane f. 1947

25.april Eline Thorsen f. 1931

25.april Bjarnhild Olga Fønnes f. 1933

29.april Alf Selvik f. 1953

30.april Judith Kristine Fønnes f. 1938

### Døpte

20.april:

Lea Evina Fredheim

Olai Fanebust Kalvik

Sofia Szlek

Selma Neteland Sætran

### Hjartleg takk

Hjarteleg takk for all medfølelse, helsingar og blomster i samband med vår alles kjære Hildur sin bortgang.

Takk til alle som var med oss på Leirvåg Bedehus og sytte for ein fin og minneverdig seremoni.

Ein ekstra takk til personell på Nordliheimen og heimesjukepleien for god pleie og omsorg den siste perioden Hildur levde.

**Helsing Kjell Isaksen m/familien**

### Hjartleg takk

til diakoninemnda og til Anny som kom med hjartesjokolade og tok seg tid til ein kopp kaffi og ein hyggeleg prat.

**Helsing Helene Sætre**

### Hjartleg takk

til diakoninemnda for hjartesjokolade og besøket som vi fekk til 80 årsdagen vår.

**Helsing frå Edel og Tormund Nesse**

### Takk

Takk til diakoninemnda for hjartesjokolade og helsinga eg fekk til 80 årsdagen min.  
Takk til Tormod som kom med den.

**Helsing Inge Langøy**

### ANNONSE I KYRKJEBAKKEN?

|               |         |
|---------------|---------|
| Heilside      | 1000,-  |
| Halvside      | 500,-   |
| 1/3 side      | 350,-   |
| 1 / 4 side    | 250,-   |
| Små annonser  | 150,-   |
| Takkeannonser | GRATIS! |



# Kjære Godtfolk

Først vil eg få seia takk for at eg får vera med og feira deler av 160 års jubileet saman med dykk. Den gongen kyrkja vart bygd så høyrde området vårt til Lindås, og Austrheim var ikkje ein eigen kommune, men den er etter 1910, no den einaste kyrkja i kommunen vår.

På onsdag 02. April er det på dagen 160 år sidan biskop Peter Birkeland vigsla Austrheim Kyrkje . 160 år, det er eit langt liv – ja fleire generasjonar. Då denne kyrkja stod ferdig i 1865, såg nok verda rundt ho ganske annleis ut.

Tru kan flytta fjell, blir det sakt, og det må no være tilfelle då så mange prøvde og livnærte seg her ute i havgapet på den tida, det var tøffe kår for mange, likevel busette folk seg her – i gardar, grender og på øyar, tett på naturen, tett på havet. Dei hadde ikkje moderne vegar, bilar, straum eller telefonar for 160 år sidan– men til kyrkja skulle dei likevel, sjølv om dei måtte begynna reisa til kyrkja tidleg for å rekke søndagspreika, kanskje ro eit stykke, bruke hest eller rett og slett gå. Men til kyrkja kom dei seg. Me forstår at true var sterk og viljestyrken var stor på den tida, noko eg håper og meina den er i dag også.

Å stå her i dag – i denne vakre, ærverdige kyrkja – røre ein. Det gjev ei kjensle av ærefrykt, men også ei varm kjensle av å høyra til.

Eg trur mange kjenner det same når dei kjem inn i Austrheim kyrkje – ei ro, ei varme, ei kjensle av at her er det noko meir enn berre lukta av maling og gammalt treverk.

Dette er ein stad som grip ein – anten ein kjem hit ofte, eller berre av og til.



Det er rørende å tenkja på alle dei liv som har blitt berørte her inne. Alle som har blitt døypte ved døypefonten. Alle som har blitt konfirmerte, Alle som har stått framfor altaret og sagt «ja» til kvarandre. Alle som har tent lys i stille bøn. Og alle som har sagt farvel til sine kjære i gravferdene.

Austrheim kyrkje er ikkje berre eit byggverk – ho er eit symbol. Det er ei kyrkje som samlar folket til gudsteneste, til høgtid, til trøyst og fellesskap. I desse urolege tidene i verda, så er det svært viktig at me sørgje for at kyrkja får halda fram med å vera eit sentrum, for fellesskap, for bøn, for song og musikk, for minne, og for mening, der det er rom for tru – anten ho er sterk og trygg, eller tvilande og søkjande.

Eg vil nytta høvet til å takka alle som gjennom tidene har teke vare på kyrkja. Det ligg mykje arbeid bak at ho er så vakker og godt halden i dag.

Her er mange som har brukt tid, krefter og engasjement – anten det er som kyrkjevevje, prest, klokkar, organist, i sokneråd eller som frivillig.

Tusen takk til dykk alle – for det de gjer og har gjort.

*Gratulerer med jubileet – og takk for meg.*



## EDVARD OG INE HOEM

Kyrkja vår vart innvigd 02.april 1865, og på dagen 160 år etter hadde me eit ønske om å markere det med noko spesielt. Derfor vart Edvard Hoem og dottera Ine Hoem invitert til å halde konsert. Det var nesten ei full kyrkje som kom og høyrde på, og det vart ei herleg oppleving. Stemninga var utruleg og det var ein far og ei dotter som verkeleg kan sitt fag. Det var og tydeleg kor dei hadde omsorg for kvarandre. Edvard Hoem las frå dikt og fortellingar medan Ine Hoem song eigne songar og salmar som faren hadde laga. Det vart ein fantastisk flott måte å feira kyrkja sin 160 årsdag.

# BASAR

Basar på sanitetshuset  
på Litlås

**torsdag 1.mai kl.16**

**Mat, kaffi, åresal og  
trekning av lodd bøker.**

*Du er hjarteleg velkomen.*

**Lindåsneset  
sanitetsforening**

## DIN RØRLEGGER I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!  
Når kvalitet og service teller



## Panasonic Varmepumper

5937 BØVÅGEN  
Mob. 481 31 534  
byggboe@online.no

*Oppussing av  
gravmonumenter*

Utfører vasking,  
rensing  
og oppattmaling

Gunnar Nilsen 414 39 887

## GRAVMINNER

Norsk design og produksjon.  
Se på utvalg på: [www.oienstein.no](http://www.oienstein.no)  
Ta kontakt for tilbud. Service



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87

**VATNE**  
begravelsesbyrå DAHLS

Tlf: **56 35 09 10** (24t)  
Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalstø  
[vatne-byra.no](http://vatne-byra.no)

**PHI FIEDER** | NORDHORDLAND BEGRAVELSESBYRÅ

Varm. Lokal.  
Erfaren. Åpen.

Marit K. Haukeland Marita Haukeland Solvei H. K. Mjøs Therese Kvalheim

Tlf: 56 37 14 10 • [www.nordh-bb.no](http://www.nordh-bb.no) • Kyrkjevegen 1, Alversund • Havnevegen 3, Frekhaug



## Konfirmantar 25.mai 2025 i Austrheim

Alma Håland  
Alma Andvik Dagestad  
Anastacia Bognøy Bru  
Ada Sandnes Sundsbø  
Andreas Bergsvik Sætre  
Charlotte Aasen Næss  
Elias Grimelid Langøy  
Elly Alisa Danielsen  
Emil Ekornrød Sætre  
Haakon Solberg Ujma

Håvard Wiik Daae  
Jenny-Marie Leirvåg  
Johanna Jensen Risnes  
Kristoffer Foss  
Liam Nordgulen Lund  
Lucas Sårheim Haugland  
Magnus Sundsbø Iversen  
Mariell Johansen Isene  
Marius Lerøy  
Mathea Semmingsen

Mia Veland Hjelmtveit  
Nathaniel Hordvik Byrknes  
Nicholai Østby Pedersen  
Sander Bø Hollevik  
Simen Fredriksen  
Sivert Sætre Austrheim  
Thor-Olav Berge Monslaup  
Tård Sleire Hopland

## Austrheim kyrkje 160 år

**Torsdag 29.mai kl. 12.00**  
Kristi himmelfartsdag -  
Utegudsteneste ved kyrkja

**Utsett til hausten:**  
Konsert med Jon Martin Skauge

**Open kyrkje med utstilling i juli**

**Mandag 18.august kl. 19.00**  
Kjerringrokken Temakveld med  
Frode Brügger Sætre

**Torsdag 24.september**  
kl. 19.00 Temakveld  
med Stein Hugo Fykse

**Søndag 19.oktober kl. 19.00**  
Salmekveld med forsongargruppa

**Mandag 03.november kl. 19.00**  
Kjerringrokken Temakveld med  
Mona Rosvold

**Søndag 07. des kl. 18.00**  
Julekonsert



NB: med attehold om endringar. Følg med i kyrkjebakken, heimeside og facebook



# Jubileumsgudstenesta

Søndag 30.mars fekk me markere at kyrkja er 160 år. Då var me samla ei full kyrkje for å vise kva den betyr for oss.

Knøttekoret gjorde ein flott opptreden. Det er eit flott tiltak som me har i kyrkja, og det gir oss stor glede når solstrålane står framme og syngjer flotte songar som «Det lille lys eg har» og «Dine hender er fulle av blomster». Dei fekk og syngje velsigninga for oss. Gunn Dyrkolbotn leier borna på ein trygg og god måte og Olaf Aarvold leikar seg på pianoet slik at det blir god musikk til songen.

Sjølve gudstenesta var lagt opp etter malen til «Gudsteneste for alle». Her var gjengen som pleier å vere med på desse tilrettelagte fredagsgudstenestane med og laga det til ei flott gudsteneste for oss.

Dei dekkja altaret under første salme, song med på kyrie og gloria som er ein call and response song og var med på preika. Der hjalp Anette Hopland til saman med Stein Hugo Fykse, Leif Arne Økland, Amelie K. Storebø og Jostein Hauge. Dei hadde ei dramatisering om Peter og alt han fekk kome med til Jesus. Både av gode og dårleg ting. Alt kunne han kome med.

Etter preika hadde me nattverd, og der var Rune Skare og prosten vår Helge Taranrød med og delte ut nattverd.

Etter gudstenesta var det masse gode kaker slik det bør vere på ein bursdagsfest. Me rettar ein stor takk til diakoninemnda som stilte med mange gode kaker, og til Aufera som hadde laga deilig marsipankake. Det var fleire som



fekk ordet etterpå og ville gratulere. Både ordførar, kommunedirektør og soknerådslar på Fedje. Me fekk i tillegg til å feire kyrkja markert at Leif Arne

Økland skal pensjonera seg. Her og kom det masse gode og fortente ord om kor me sit stor pris på den jobben han har gjort.



# Min Salme

Aud Lunde

Denne salmen var mitt første møte med Gud, bunde saman av ho Kristiana med alt ho lærde oss om Jesus på hans vandring på jorda.

Ja ho heitte Kristiana og det namnet bar ho med ære. Mange har levd med Jesus i hjarte, sinn og tanke frå møte med skulen og dei to første åra med henne som lærar. Ho hadde eit mildt ansikt og var mild alltid og tok vel vare på oss små.

Vi trudde på alt det ho kunne fortelje og min salme song vi kvar morgon vi kom på skulen. Så sakte kom den til oss og var ein god start å møte det usynlege opphav av godleik vi kallar Gud og Jesus Kristus. At Gud var alle stader og passa på oss var ei god forsikring i haustmørke om morgonen for mørke kunne gøyme så mangt.

Vi var vel vane med å lyda på forteljing heimanfrå. Dei var flinke til å bære saga om fortida vidare og vi var forvetne og høyrde godt etter og fortalde vidare det vi hadde høyrte. Salmen delte eg med søskena mine og bror min seier på sine gamle dagar at han fekk mykje gratis lære av meg og slik kom vel førebudd på sin første skuledag.

Forunderlige verd! Kor alt er lagt til rette. Då vi møttes igjen i Canada, eldste bror min og eg, var vi gamle men det var dei gamle salmane og songane han ønskte å få høyre igjen og igjen. Det er ein skatt vi skal take vare på. Dei har den same budskapet i dag som då den vart skriven, medan vi har gjort innhaldet rikare etter som vi har lært, Det er det enkle, det vesle som rommar det største som ikkje let seg begrensa. I all enkelheit smyg den seg inn og tek plass utover all den uro og støy vi møter. Vi står her med salmen som ei lovprising av den uforanderlege Gud og Jesus Kristus. Salmen var min erklæring om å høyre Gud til den dagen i 1939.

Salmen har den same plass i dag. Den kom og tok plass og blei der gjennom skiftande vilkår og den fekk fylgje av Rom.11,32. «Gud lukket alle inne i ulydigheten for å kunne forbarme seg over alle»

Eit ord som hjelper meg når eg ikkje makter i mi hjelpeløyshe til å lyda. Eg kjem meg ikkje lenger enn å være Guds barn og høyre honom til, men Gud trøyster

også Paulus med »Min nåde er deg nok» når han er i beit.

Forunderleg nok er verda i dag som då eg gledde meg så veldig over å bli skulejente. Berre få dagar etter skulestart var verdskrigen eit fakta og vi urolege for dette var noko nytt vi barn ikkje hadde lært noko om enda.

Men salmen fekk tone og vi song alt vi kunne om Deg gode Gud som kom med alt det gode til oss.

Han gjer det i dag også, han svikter ikkje og Påsken vil minne oss om alt det gode han gjer for alle sine barn.

Når uretten er der og du kjenner på hjelpeløyshe syng orda til tonen du lærte dei høyrer saman.

**Gud Faders vesle barn eg er og høyrer honom til. Frå Gud eg alt det gode fær, eg honom lyda vil.**

**Gud Fader ser meg dag og natt og er meg alltid nær, Han vakar for sin vesle skatt, hans englar kring meg er.**

**Gud Fader meg på hender ber og tek meg i sin famn og alt det vonde som eg gjer, forlet i Jesu namn.**

*Tekst: Bernt Støylen 1916*

## Bygdatreff

Denne gongen handla det om 160-årsjubiléet og livet i og rundt kyrkja vår. Jostein Hauge mimra tilbake til 150-årsjubiléet og korleis det vart markert, og kva som skal skje vidare dette året. Eli og Arne Lerøy hadde digitalisert gamle bilete frå den tida Helgaljod var aktive, og dei reiste rundt på leirar og stevner. Rune var ein av dei aktive og fortalde om bileta. Jan Ulveseth, som også var der, fortalde om dei ti åra (1986-1996) han var prest i Austrheim, og det han var med og fekk gjennomført. Leif Arne Økland fortalde til slutt frå dei siste åra då han var kyrkjevevjer og alt som då vart gjort.

Nærare 90 hadde møtt opp til kaffi og kaker.

Det er enno ikkje bestemt om det blir bygdetreff i mai, men følg med på annonsering på heimeside, i avisene eller facebook.





**Du kan stole på at vi i Bosch Car Service kan ta hånd om din bil.**

Vi utfører alltid service og vedlikehold i tråd med bilprodusentens spesifikasjoner. Derfor beholder du fabrikkgarantien på bilen når du får utført service hos oss.

Spør oss gjerne om mer informasjon.



BoschCarService.no

For everything your car needs.

## BIBLIOTEKET - OPNINGSTIDER

### Hovudbiblioteket

Tysdag 10 - 15

Onsdag 14 - 19

Fredag 10 - 15

### Fonnes filial

Torsdag i oddeltalsveker

10 - 16

Fonnes filial finn du på Kaland skule. Inngang ved den gamle naturfagsalen, i hjørnet mellom skulen og barnehagen.

Følg oss gjerne på Facebook.

## GOD BOK



### KREFTKOORDINATOR:

Tove Kristin Sleire Tistel

Tlf: 40 90 02 16

Sætre marka 2 -k-hus

Tysdag ,Torsdag

### DEMENSKOORDINATOR:

Åshild Sandvin Olsson

Tlf: 96 62 66 56

Sætre marka 2 -K-Hus

Tysdag , Onsdag og Torsdag

# LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege 113 heile døgnet.

**Legevakt 116117**

### AUSTRHEIM LEGEKONTOR

Fra 1. april blir det utvidet telefontid ved legekantoret.

Telefonen vil da opne kl. 08.30 mandag til fredag.

Torsdag er det kl. 09.00 .

Så da blir telefontiden som følger:

Mandag til fredag:

08.30-12.00 og kl. 13.00-14.00,

Torsdag: 09.00-12.00 og 13.00-14.00.

INGEN RESEPTBESTILLING MÅNDAGAR!

### ÅRÅS HELSESTASJONEN

Åpningstider for publikum:

kl 08.30- 15.00

Helsesøster tlf. 56 16 82 11

Jordmor:

tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)

Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13

## TELEFONNUMMER I PLEIE OG OMSORG

Nordliheimen : 56 16 20 40

Nordliheimen /kjøkken: 56 16 20 49

Vestlia: 56 16 20 55

Heimesjukepleien: 56 16 21 23

Forvaltningskontoret : 56 16 21 42  
56 16 21 38

Høyrselekskontakt i Austrheim 56 16 21 23